



DEN NORSKE KYRKJA
Prosten i Ytre Sogn

Kultur- og kirkedepartementet
Kirkeavdelingen, P.B 8030 Dep
0030 OSLO

dek 27

Kirkeavdelingen	
Saknr. 03/385	Dato 26.11.03
Kode 540	Bch. KRS

Postboks 14
6946 Lavik
Telefon 57714110
Faks 57714111

Lavik, den 22.11.2003
Vår sakshandsamar: G.S.
Vår ref.: 03/00136-003
Arkivkode: 211

Ny tenesteordningar - Fråsegn frå prosten i Ytre Sogn

Viser til brev av 10.10.03 frå Departementet der høyringsinstansane vert oppmoda til å kome med innspel.
Vedlegg med dette fråsegn både til tenesteordning for prost og til tenesteordning for kyrkjelydsprest.

Med helsing


Geir Sørebo

Høyringsfråsegn frå prosten i Ytre Sogn til tenesteordningar for prost og kyrkjelydsprest

Viser til brev av 10.10.03 frå Departementet med utkast til nye tenesteordningar for prostar og kyrkjelydsprestar, der ein bed om fråsegn innan 28. november.

Eg vil slutte meg til det som er intensjonen i dei to framlegga: Å leggje til rette for ei betre leining av prestetenesta. Eg meiner ut frå dei erfaringar vi har gjort i mitt prosti at det er føremålstenleg å etablere eit vidare tenestedistrikt for prestane enn det gamle prestegjeldet og at det som ei normalordning vert lagt til rette for at prosten ikkje har sokneprestansvar. Eg meiner ut frå dette at dei to utkasta til tenesteordningar representerer eit framsteg og er med på leggje grunnlaget for eit betre presteteneste i dagens kyrkje. I det følgjande vil eg leggje vekt på einiskilde problemområde som tenesteordningane etter mi meining kunne kome betre til rette med.

Prost

Det nye utkastet til tenesteordning fokuserer meir einssidig enn den gamle tenesteordninga på at prosten leier prestetenesta i prostiet. Dette vert i vesentleg grad relatert til arbeidsgjevar sin styringsrett ovafor prestane i prostiet. Dette er uproblematisk, men spørsmålet er om det er tilstrekkeleg. I praksis vil prosten si teneste, spesielt når han ikkje er sokneprest, på same måte som biskopen sitt tilsynsansvar, vere retta mot lokalkyrkja i si fulle breidde. Dette ligg også eigentleg implisitt i det nye utkastet til tenesteordning.

Eksempelvis:

§2 Prosten er forpliktet på de mål og strategiser som er fastsatt for virksomheten i Den norske kirke (ikkje berre prestetenesta)

§5 Prosten skal sørge for den nødvendige samordning mellom prestetjenesten og de kirkelige rådernes virksomhet.

Prosten har rett til å ta del i menighetsmøter og menighetsrådsmøter i prostiet (altså uansett kva saker som står på dagsorden).

Prosten skal holde seg godt orientert om de kirkelig ansattes arbeidsforhold (altså ikkje berre prestane. Spørsmålet er jo korleis han skal kunne halde seg godt orientert om arbeidstilhøve som ein annan arbeidsgjevar har ansvar for).

§6.b. Foretar prostebesøk i prostiets menigheter etter den ordning som er fastsatt i bispedømmet (som regel vil ei prostevitjing omfatte fleire element enn medarbeidarsamtale med (sokne)presten.

§6.c deltar i forberedelse og gjennomføring av bispevisitasar (førebuinga gjeld ofte meir enn kontakt med soknepresten)

§6.g foretar vigsling til fast kirkelig tjeneste som organist, klokker, daglig leder etc
....(vigsling har som føresetnad føregåande kontakt og samtalar)

§6.h innsetter menighetsprest, kateket, kantor og soknediakon ...

§6.i holder seg orientert om kirkene i prostiet og medvirker ved kirkevigsler (naudsynt med samvirke med kyrkjetenar, kyrkjeverje osv.)

§6. j, k, m (tilsvarande 6.i)

§6n gir uttalelse i saker som gjelder forhold i prostiet (gjeld altså alle typar saker, ikkje berre dei som vedkjem prestetenesta).

Eg meiner at desse døma viser at prosten si teneste er relatert til verksemda i kyrkjelydane i si fulle breidde. Spørsmålet er om det prosten gjer i ulike samanhengar, skal vere ad-hoc handlingar eller om han skal utvikle ein strategi for prostiet som omfattar meir enn prestetenesta. I tilknytnad til dette kan ein spørje om prostiet skal vere eit strategisk nivå i

kyrkja vår. Eg meiner ja, og at det då vil vere nærliggjande ut frå gjeldande og føreslege regelverk at prosten spelar ein rolle som strateg for prostiet.

Ein har sett at det gjev ein gevinst at prestar i større grad kan arbeide i team og samlast til drøfting om løysing oppgåver. På landsbygda er det ikkje berre prestane som ofte vert ståande åleine i sin spesielle arbeidssituasjon, tilsvarande gjeld for diakonar, organistar, kateketar, klokkarar, kyrkjetenarar og til ein viss grad for kyrkjevevjer. Dei fleste har trong for kontakt på tvers av fellesrådsgrenser. Derfor har det i mange område vorte relativt vanleg at prosten tek initiativ til regelmessig å invitere alle kyrkjeleg tilsette til medarbeidarsamlingar. I Ytre Sogn prosti har prosten invitert ulike fellesrådstilsette til deltaking i prestane sine teamøte i prostiet, diakonane har ein ståande invitasjon og deltek som regel, kyrkjevevjerne vert inviterte nokre gonger i året, sameleis har organistane delteke.

Ein anna ting er at nokre gonger ser ein at det er tenleg med samvirke mellom ulike fellesråd og mellom sokneråd i ulike fellesrådsområde. Det kan vere ulike eingangsaksjonar eller samlingar, eller det kan vere meir permanente utfordringar som samarbeid om visse stillingar eller samarbeid for å løyse visse oppgåver, som kyrkjelydsblad, konfirmantsamlingar, etc. Den erfaring vi har gjort i Ytre Sogn tilseier at når prestane i større grad kryssar dei gamle prestegjeldsgrensene, så medfører dette etter kvart eit opnare og meir samarbeidsorientert prosti generelt. Dersom ein ikkje vil at dette berre skal vere tilfeldig og ad-hoc prega, så bør det vere ei formulert målsetjing for fellesskap og samarbeid i prostiet. Slik vår kyrkjeordning er i dag, er det heilt naturleg å knyte ei slik målsetjing til prosten si verksemd.

Mange av oss ser det som ønskjeleg at arbeidsgjevaransvaret i kyrkja så snart mogeleg vert samla. Truleg vil dette best kunne skje i eit organ som er etablert med basis i sokna, men lagt på eit tenleg nivå, for eksempel prostnivået. Då vil det naturleg vere dagleg leiar for vedkommande råd som representerer arbeidsgjevar sin styringsrett ovafor prestane, eventuelt kunne det tenkjast ei deling av arbeidsgjevarmynde mellom prost og råd tilsvarande den ein finn mellom biskop og bispedømeråd i dag. I alle høve ville prosten sin rolle (og biskopen sin rolle) måtte gjennomtenkjast på nytt.

Den nye tenesteordninga skal gjelde innafor dagens kyrkjeordning, men skal likevel leggje til rette for ei framtidsretta utvikling av prostetenesta. Eg meiner at ein bør arbeide for at prostiet i større grad kan verte eit strategisk nivå for kyrkjelydar og tilsette i kyrkja og at det er ei uttala målsetjing i tenesteordninga at prosten har eit ansvar for dette. Etter dette vil eg gjere framlegg om at følgjande målformulering vert tillagt §2 i utkastet til ny tenesteordning for prost:

Prosten skal fremme og støtte fellestiltak mellom prostiets menigheter, og bidra til samarbeid, gode kollegaforhold og godt åndelig fellesskap mellom de kirkelig ansatte i prostiet.

Kyrkjelydsprest

Eg deler det synspunkt at prestar bør ha heile prostiet som tenestedistrikt, men at kvar prest som ei normalordning bør ha eit særskilt arbeidsområde som er mindre. Dette særskilte arbeidsområde bør vere eitt eller fleire sokn. Men eg synest at utkastet til ny tenesteordning ikkje tydeleg nok får fram dynamikken mellom tenesta i det store tenestedistriktet og det særskilte arbeidsområdet.

Erfaringa frå prøveordningane viser rimeleg eintydig at det gode grepet er å kunne styrkje tilknytnaden mellom prest og sokn, samstundes som det vert opna for ein fleksibilitet som gjev rom for utjamning av arbeidstid, samarbeid i ulike situasjonar, ei viss spesialisering/nådegåveutvikling, meir teamarbeid etc. og gjev prosten eit større spelerom i

høve til personalressursane. Skal ein oppnå både sterkare band mellom prest og sokn og større fleksibilitet på ein gong, må visse føresetnader vere til stades:

- 1. Presten sin pastorale leiarfunksjon i høve til sitt særskilte arbeidsområde må profilerast tydeleg.** I Ytre Sogn vart dette i prøveperioden gjort ved at ein nytta omgrepet "pastoralt tilsyn". Kvar av prestane hadde pastoralt tilsyn med sitt tilsynsområde. Erfaringane med denne måten å tenke på ser ut til å ha vore positive. Vi har imidlertid sett at det i kyrkja generelt har vore motførestillingar mot denne begrepsbruken. Det vil ikkje seie at det er tilsvarende motførestillingar mot saksinnhaldet. Mellom biskopane synest det å vere tilslutnad til å bruke omgrepet "pastoral leiing" med tilsvarende innhald. Pastoral leiing står då som samlande omgrep for det leiaransvar som ein prest har i høve til sin kyrkjelyd og denne kyrkjelyden sine organ, for eksempel det å leie førebuing og gjennomføring av gudstenester og kyrkjelege handlingar. Primært vert denne leiinga utøvd gjennom forvaltinga av Ord og sakrament. Etter mitt syn er tilsynet i vår kyrkje pastoralt å forstå, dvs. det spring ut av og er knytt til tenesta med ord og sakrament i kyrkjelyden. Konsekvensen av dette er at alle ordinerte prestar har del i tilsynet i bibelsk forstand. Korleis ein så praktisk tilrettelegg dette i kyrkja, er eit ordningsspørsmål. I dag synest ein langt på veg å vere samd om å reservere omgrepet "tilsyn" til biskopen. Men dette forhindrar på ingen måte at ein tydeleggjer at den lokale pastorale leiinga, hyrdefunksjonen, er ei side ved same sak.
- 2. Det må klårgjerast at presten har ein annan leiarfunksjon i høve til sitt særskilte arbeidsområde enn tenestedistriktet elles.** Ein prest utøver altså ikkje pastoral leiing i eigentleg forstand utafør sitt særskilte arbeidsområde. Dette vil seie at han her må rette seg etter pastorale føringar gjevne av den presten som er pastoral leiar for vedkommande område, eksempelvis om ei viss gudsteneste skal ha nattverd og kva slags liturgisk ordning som skal nyttast i gudstenesta. Så lenge dette vert tydeleggjort og prosten har det rette leiarverktøy (sjå punkt 5), og arbeidstida er avgrensa (sjå punkt 4) meiner eg at det bør kunne leggjast opp til at ein kvar prest har rett, og ikkje berre plikt, til å gjere teneste innafor heile det store tenestedistriktet - slik Departementet gjer framlegg om. Ein slik rett vil i seg sjølv kunne vere motiverande til å tenkje ut over sitt særskilte område og gje ei kjensle av felles ansvar for prostiet. Nokre gonger er det gode og legitime grunnar til at folk ønskjer ein annan prest enn soknet sin faste prest.
- 3. Så langt mogeleg bør eitt særskilt arbeidsområde, for eksempel eit sokn, berre vere særskilt arbeidsområde for ein prest,** og dei særskilte arbeidsområda bør ikkje overlappe kvarandre. Slik får kvar kyrkjelyd "sin prest" og kvar prest får "sin kyrkjelyd". Dette vil for eksempel seie at kvart sokn/sokneråd vanlegvis berre får med ein prest å gjere i sitt arbeid. I denne strukturen må det likevel i gitte situasjonar kunne vere legitimt å kontakte ein anna prest i prostiet (sjå punkt 2).
- 4. Ein kvar prest må nytte eit minimum av si arbeidstid (for eksempel 80%) på sitt særskilte arbeidsområde.** Kor denne grensa går, bør vere ein del av instruksjen. Denne grensa bør vere ulik frå prest til prest og vurderast ut frå kor arbeidskrevjande vedkommande arbeidsområde er. Denne vurderinga må gjerast av prosten i samråd med soknerådet.
- 5. Prestar bør så langt mogeleg ha same ansvar, same løn og same tittel.** Det er først ein slik flat struktur som opnar for ein naturleg fleksibilitet og let prosten sin leiarfunksjon trå

direkte i kraft ovafor alle prestane i prostiet. Eit kvart mellomledd i leiarstrukturen som ein får ved distinksjonen kapellan, sokneprest (ev. også leiande sokneprest) bremsar prosten sitt leiarskap og opnar opp for kryssande (og av og til konfliktskapande) strategiar i prostiet. Eg meiner med andre ord at alle prestar utanom prosten burde vere sokneprestar. Eg kan for eksempel ikkje sjå at vi er tente med å ha ei ordning som gjer at ein prest som er kapellan må sende tenestleg korrespondanse via soknepresten (§8).

- 6. Prosten bør gjevast rom får å utøve leiing i høve til alle prestane.** Utover det som er sagt i punkt 5 vil eg påpeike at det ligg ei spenning mellom formuleringa "Prosten leder prestatjenesten i prostiet" (§1 i Tenesteordning for prost) og formuleringa "Soknepresten leder prestatjenesten i det eller de sokn denne har som sitt særskilte arbeidsområde" (§10 for menighetsprest). Og tilsvarande mellom "Prosten skal sørge for den nødvendige samordning mellom prestatjenesten og de kirkelige rådernes virksomhet" (§5 for prost) og "Soknepresten ... sørger for den nødvendige samordning med menighetsrådets virksomhet". Lat meg konkretisere problemstillinga med eitt døme: Slik stoda er i dag har det fleire stader oppstått diskusjon om kven som skal ha medarbeidarsamtale med ein kapellan, soknepresten eller prosten. Dette vert ikkje klårare med det nye framlegget. Ein kan seie at næraste overordna (altså soknepresten) normalt skal ha medarbeidarsamtale, i praksis viser det seg at ut frå prosten sitt generelle leiaransvar for alle prestane i prostiet, så er det tenleg at han utfører medarbeidarsamtale med alle. Når det som oftast berre dreiar seg om ein kapellan, sjeldan meir enn to, vert det også lite naturleg og lite funksjonelt å profilere ein sokneprest som leiar for prestatenesta. I staden bør ein fokusere på ein kvar prest sitt leiaransvar i høve til sin kyrkjelyd. Prosten bør vere leiar for prestatenesta og prestane pastorale leiarar for kyrkjelydane.

Etter mitt syn går departementet sitt framlegg til tenesteordning for kyrkjelydsprest mange steg i rett retning, men ordninga er ikkje radikal nok. Ho vert i for stor grad ei blanding mellom ein gamal og ein ny struktur. Når det i tillegg er slik at prestar som i dag er i teneste, kan reservere seg mot å utvide tenestedistriktet, så kan dette resultere i mange uklare og konfliktfylte tilhøve. Her burde Departementet sikra seg ein heimel for å endre tenestedistriktet for samtlege kyrkjelydsprestar i landet samstundes. Kanskje ville tenesteordninga ha kunna vorte betydeleg kortare om ein hadde starta frå grunnen av med ei heilt nye formuleringar med meir einssidig vekt på målstyring. Dersom ein likevel skal byggje vidare på det framlagde utkastet, vil eg gjere framlegg om følgjande endringar:

Ny start på §2:

*"Presten er delaktig i tilsynstjenesten og utøver pastoral ledelse innenfor sitt særskilte arbeidsområde i samsvar med kirkens ordninger.
Presten skal forvalte Ord og sakrament" osv*

§7 får følgende tillegg:

Hvis presten gjør tjeneste utenfor sitt særskilte tjenesteområde, må de instruksjoner han gir og den tjeneste han utfører, samsvare med føringer gitt av prest som er ansvarlig for vedkommende område.

Ny § 8.

Presten står under tjenestlig tilsyn av biskopen. Prosten er nærmeste overordnede for alle menighetsprestene i prostiet. Tjenestlig korrespondanse med høyere myndighet skal gå tjenesteveg gjennom nærmeste overordnede.

Ny§ 9.

Alle menighetsprester har hele prostiet som tjenstedistrikt og et særskilt arbeidsområde innenfor dette tjenstedistriktet. Instruksene viser omfanget av prestens pastorale ledelse og arbeidsmengde innenfor det særskilte arbeidsområdet.

Ny §10 (Berre første avsnitt i Departementet sitt utkast).

§13. "Soknepresten" vert endra til *presten* i første avsnitt.

Andre avsnitt vert endra til:

Anmodninger om ulike kirkelige handlinger rettes til ansvarlig prest i vedkommende tjenesteområde.